




Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO



Uttale til høyring angående endringar i eigedomsskatt for kraftverk.

Vi viser til Finansdepartementet sitt brev av 15. april med vedlagt høyringsnotat om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk.

Som eigar av kraftverk er det viktig for Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) å ha forutseielege rammevilkår som gjer det attraktivt både å eige og bygge ut meir miljøvenleg og fornybar kraftproduksjon. Eigarar tek på seg ein betydeleg risiko ved utbygging av kraftverk og det er naturleg at rammevilkåra legg til rette for at eigarar/utbyggjarar sit att med ei forventet avkasting som er tilfredstillande.

Ei skjerping av eigedomsskatten vil svekke lønsemda for eksisterande og nye investeringar i kraftverk og dermed redusere moglegheitene for at eigarane har evne til å bygge ut meir fornybar kraftproduksjon i tida framover.

Hovudpunkta i vår uttale til høyringsnotatet angående endringar i eigedomsskatt for kraftverk er oppsummert i det følgjande:

- Auka eigedomsskatt vil redusere kraftverkseigarar sine moglegheiter til å investere i ny fornybar kraftproduksjon
- Det er fornuftig å behalde dagens korridor med minimums- og maksimumsverdiar for fastsetjing av eigedomsskatt på kraftverk
- Risikotillegget bør hevast til minimum 5-6 prosent
- Det bør etablerast ei meir langsiktig og forutseieleg rente som grunnlag for kapitaliseringsrenta

I det følgjande vil vi seie litt om bakgrunnen for våre standpunkt:

Store investeringar

SFE-konsernet investerte for 1,8 milliardar i 2010 og auka middelproduksjonen sin frå 1.380 GWh til 2.065 GWh i 2010 som følgje av kjøpet av Elkem Energi Bremanger AS. Investeringa er basert på dagens rammevilkår som td eigedomsskatteregimet representerer. Endringar i rammevilkår gjer at

Sogn og Fjordane Energi AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Kundesenter: 57 88 47 47
E-post: post@sfe.no

Heimeside: www.sfe.no
Org. nr.: 984 882 092
Bankkonto: 5083 05 50507

SFE Nett AS
Org. nr.: 984 882 114
Bankkonto 5083 05 50914
Besøksadr.: Hamregata 1, Florø

SFE Produksjon AS
Org. nr.: 984 882 106
Bankkonto 5083 05 50892

SFE Kraft AS
Org. nr.: 984 882 076
Bankkonto 5083 05 50531

Svelgen Kraft AS
Telefon: 57 79 61 00
Org. nr.: 986 530 649
Bankkonto: 1503.14.15109
Besøksadr.: Svelgen

føresetnadane investeringa er basert på vert endra. Uforutseielege rammevilkår gjer langsiktige investeringar meir risikofylte.

Utanom kjøpet av Elkem Energi Bremanger, har SFE-konsernet dei siste 5 åra investert årleg ca 100 mill. kr i fornybar kraftproduksjon og nettinfrastruktur. Våre langtidsplanar føreset store investeringar i nettinfrastruktur samstundes som vi ønskjer å bygge ut ny fornybar kraftproduksjon. Vi syner også til den planlagde avtalen om elsertifikater mellom Noreg og Sverige som skal stimulere til utbygging av 26,4 TWh ny fornybar energi fram mot 2020. Skal vi og bransjen generelt makte å gjennomføre store investeringar i åra som kjem, er vi avhengige av forutseielege og stabile rammevilkår. Norsk kraftproduksjon er allereie strengt beskatta, både når vi samanliknar den med petroleumsproduksjon, andre nordiske land og anna verksemd. Det er i stor grad marginale kraftprosjekt vi no vurderer for utbygging, slik at ei skjerping av eigedomsskatten kan medføre at desse prosjekta ikkje lar seg realisere på grunn av for låg lønsemd.

Eigenfinansiering

SFE-konsernet har eit offentleg eigarskap. Det er begrensa med kapital Sogn Fjordane Fylkeskommune og våre kommunale eigarar kan tilføre selskapet til nyinvesteringar. Det er derfor viktig at SFE får moglegheit til å bygge opp eigenkapital gjennom forutseieleg og stabil avkasting på allereie gjennomførte investeringar. Ei endring av maksimums- og minimumsreglane for eigedomsskatt vil svekke lønsemda i gjennomførte investeringar og dermed redusere våre moglegheiter til å bygge opp ein forsvarleg eigenkapital som vil vere ei føresetnad for å kunne gjennomføre planlagt investeringsprogram.

Korridor

SFE er samd i at maksimums- og minimumsreglane etablerer ein korridor som er viktig for å sikre stabilt nivå på eigedomsskatten for vertskommunar og eigarar av kraftproduksjon. Utan maksimums- og minimumsreglane vil nivået på eigedomsskatt variere alt etter nivået på kraftprisar og rente på statskassevekslar. Våre simuleringar på eigedomsskatt utan denne korridoren viser at eigedomsskatten for dei kraftverka som er omfatta av dette regelverket ville ha vore 50 % høgare for 2011, vert dobla for 2012 og gje ei tredobling i 2013 ift dagens nivå. Dagens modell gir små utslag i nivået på eigedomsskatten frå år til år. Fjerning av korridoren for eigedomsskatt vil medføre meir uforutseielege rammevilkår for eigarar som har investert og vil investere i ny fornybar kraftproduksjon. Vi har imidlertid forståing for behovet for å indeksjustere korridorverdiane.

Vi har gjort berekningar som viser at utan maksimums- og minimumsreglane vil grunnlaget for eigedomsskatt langt overstige ein mogleg omsetningsverdi for våre kraftverk. Sjølv om ikkje omsetningsverdi nødvendigvis skal nyttast som grunnlag for eigedomsskatt, kan det vere eit hjelpemiddel for å kome fram til ein objektiv verdi av kraftverka. Når omsetningsverdi avviker sterkt frå grunnlaget for eigedomsskatt, viser det at fjerning av maksimums- og minimumsverdien kan vere uheldig for dei prinsippa som skal leggst til grunn for fastsetting av grunnlaget for eigedomsskatt generelt.

Risikotillegget

Finansdepartementet ber om synspunkt på ein heving av risikotillegget og syner i den samanhengen til to rapportar som konkluderer med at nivået bør på risikotillegget bør ligge i intervallet 5- 5,7%. SFE peikar på det faktum at vasskrafta allereie er svært strengt beskatta. Ut i frå den samla skattebelastninga som kraftforsyninga har i dag vil vi anbefale at risikotillegget bør settast til minimum 5-6 prosentpoeng.

Rente


Dagens kortsiktige rente (12 mnd statskassevekselrente) gir svært store variasjonar i renta som vert brukt ved berekning av eigedomsskattegrunnlaget. Ved å ta utgangspunkt i ei meir langsiktig rente ville variasjonane frå eit år til neste også bli mindre. Investerings i kraftproduksjon er svært langsiktige investeringar og også dette talar for at ei meir langsiktig rente bør nyttast.

Vi håper våre synspunkt vert tillagt vekt i den vidare handsaminga av eigedomsskatt for kraftverk.

Med helsing
Sogn og Fjordane Energi AS



Ole Schanke Eikum
Konsernsjef



Kjaftan Aa Berge
Økonomidirektør